



Trafikktilhøva har vorte verre i Beinavikjo-området. Arnesens eigedomar ligg på begge sider av vegen der den tek av frå riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det bør iverksetjast trafikksikringstiltak umiddelbart som tek vare på dei som har etablert seg i området. Det held Odd Steinar Arnesen fram i ein merknad til reguleringsplanen for Beinavikjo.**

Han viser til at trafikken siden Uskedalen Brygge starta opp sitt arbeid har auka betrakteleg. Når det no ligg føre planar for meir utbygging, synest han og oppsittarane ellers at det er på tide at dei som byggjer ut eller dei aktuelle kommunale etatane tek vare på sikkerheten til bebuarane i området. Arnesen er næraste nabo til avkøyrsla til riksvegen og synest at trafikken allereie i dag er eit problem.

Arnesen peikar på at det av reguleringsplanen kan sjå ut til at eigedomen 123/26 (trekanten mellom Beinavikjo-vegen og riksvegen red.anm.) blir kraftig redusert. Dette er ein eigedom som familien i si tid kjøpte for at ungene og dei sjølve skulle ha ein hage til diverse bruk. På den andre eigedomen deira som ligg på den andre sida av Beinavikjo-vegen (123/326) er uteområdet heller begrensa og området mellom vegane er difor verdifullt for dei.

Difor kan dei heller ikkje akseptera at noko av denne eigedomen vert brukt til utviding av veg eller andre føremål.

Av Ola Matti Mathisen